

[Namn]
[Adresse]
[Postnummer og stad]

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Tilknyting av bygningen[ane] til kommunal [vass- og] avløpsleidning [gnr], [bnr]

Varsel om at kommunen vurderer å gje tvangsmulkt

Du har ikkje følgd pålegget frå plan- og bygningsstyresmakta (kommunen) av [xx.xx.xxxx] om å knyte bygningen[ane] på eigdommen din til kommunal [vass- og] avløpsleidning innan [xx.xx.xxxx].

Dersom leidningen ikkje er knytt til den kommunale [vass- og] avløpsleidningen innan [xx.xx.xxxx - minst tre veker fram i tid. Når saka hastar, kan fristen vere kortare, og parten får i staden høve til å uttale seg etter at pålegget er gjeve. Kommunen må i så fall ta saka opp til ny vurdering etter at parten har uttala seg], varslar vi hermed om at kommunen vil vurdere å følgje opp pålegget med førelegg som har same verknaden som ein rettskraftig dom.

X kommune har tidlegare sendt deg vedtak om pålegg av [xx.xx.xxxx] med følgjande innhald:

[X] kommune pålegg eigedom [gnr] [bnr] å knyte bygningen[ane] til offentleg [vass- og] avløpsleidning, jf. plan- og bygningslova § 32-3.

Frist for tilknyting er sett til [xx.xx.xxxx].

Vi kan ikkje sjå å ha teke mot ferdigattest som syner at [vatn- og] avløpsanlegget er vorte knytt til den [dei] kommunale leidningen[ane].

Du blir hermed varsla om at kommunen vurderer å gje deg tvangsmulkt dersom du ikkje følgjer pålegget innan [xx.xx.xxxx], jf. plan- og bygningslova § 32-5.

Tvangsmulkta blir fastsett som eit eingongsbeløp, ei dagmulkt eller ein kombinasjon av dei. Eingongsbeløpet vil normalt vere om lag kr. [xx xxx,- t.d. 1/3 av tilknytingskostnadene], medan dagmulkta normalt vil vere på kr. [xxx,-]

Dersom du har opplysningar som er viktige for saksgangen vidare, ber vi om at du kontaktar oss så raskt som mogleg, og seinast innan [xx.xx.xxxx – minst 3 veker fram i tid].

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon [sentralbord] eller du kan sende e-post til [postmottak@\[x\].kommune.no](mailto:postmottak@[x].kommune.no).

Med helsing

.....
[Namn]
Leiar

.....
[Namn]
Saksbehandlar

Vedlegg:

- Plan- og bygningslova §§ [27-1], § 27-2, 32-2, 32-3 og 32-5
- [Tilkopling til privat avløpsleidning – pbl § 27-3 og forureiningslova § 23]
- [Fritidsbustad: plan- og bygningslova § 30-6, arealdelen til kommuneplan, reguleringsplan eller utbyggingsplan]